

## SAK 30/23 REMERKING BEREKRAFTIG REISEMÅL

### Bakgrunn

Alle dei seks destinasjonsselskapa i Hallingdal er no merka som «Berekraftig reisemål» Hol/Geilo er allereie merka, men det er ynskjeleg at ein i framtida samarbeider om dette i Hallingdal. Remerkinga er førebels ikkje finansiert, med Sparebankstiftelsen er klar til å finansiere delar av ei regional stilling.

Ein av indikatorane som må vera på plass for å bli merka er at det skal vera ei destinasjonsleiing som er ansvarleg for destinasjonsutviklinga. Dette ansvaret ligg til destinasjonsselskapet med sine medlemmer og til kommunen med sine innbyggjarar. Korleis ansvaret er fordelt står i delvis i den gamle handlingsplanen for «Berekraftig reisemål», men dette må ein truleg justere. Kva sentrale myndigheiter seier og korleis finansiering kan fordelast blir tatt opp i sak 30.

### Vurdering:

Alle kommunar og destinasjonar er glade for og stolte av at ein har vorte merka som berekraftig reisemål. Det ville vore synd om arbeidet skulle stoppe her. Remerkingsordninga må organiserast og settast inn i ein struktur og både kommunar og næringsliv har eit ansvar. Det kan verke som om både kommunar og næringsliv meiner at den andre parten må ta ansvar og difor er det behov for ei realitetsorientering og ikkje minst dialog mellom partane.

Ein måte å gjere det på er å sette ned ei arbeidsgruppe der kommunar, destinasjonsselskap, regionråd ev Sparebankstiftelsen Hallingdal Valdres er med for å avklare arbeidet vidare

### Forslag til vedtak

1. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe der kommunane, destinasjonsselskapa, regionrådet og ev Sparebankstiftelsen Hallingdal Valdres er med. Dagleg leiar kallar inn til første møte og oppgåva til arbeidsgruppa er å finne svar på følgande:
  - Rolleavklaring og ansvarsfordeling mellom partane
  - Korleis skal organisere merkingsordninga organiserast og korleis skal Hallingdal jobbe med dette
  - Korleis skal ordninga finansierast
  - Kor stor ressurs er det behov for lokalt og kor mykje skal vera regionalt
2. Saka kjem attende til Regionrådet i septembermøte

Hallingdal, 22. mai 2023

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar